



Westland Hotel AS  
Kvalen 30  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1047 - 22/58689

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no

Dato:  
01.08.2022

## **Innkalling og varsel om synfaring - gbnr 108/102 m.fl. Lindås**

**Tiltakshavar:** Westland Hotel AS

Kommunen varslar at vi vil synfare eigedom gbnr. 108/102,103, 197 og 64

**Synfaringen vil gjennomførast onsdag den 24.08.22, klokken 10.00.**

### **Kvifor vil kommunen synfare eigedomen?**

Synfaringa gjennomførast på bakgrunn av at det av flyfoto og ifølge kommunen sitt arkiv kan sjå ut til at det er utført fleire søknadspliktige tiltak på eigedommen som ikkje er godkjende.

Vi ba deg sende inn ein utgreiing om brakkebygning i eit brev datert 20.04.21. Denne henvendelsen er ikkje besvart.

Etter kva vi kan sjå har heller ikkje tilbygg til hotellet i aust og diverse terrengarbeid/infrastruktur vore igjennom ein fullstendig søknadsprosess. Vi ynskjer difor å gjennomføre ei synfaring på eigedommen for å få oversikt over tilhøva og for å kunne sammenligne med godkjenningar i arkivet.

### **Kva skjer under ein synfaring?**

På synfaringa vil vi stadfeste dei faktiske forhold på eigedomen. Vi gjer oppmerksom på at det ikkje vil bli konkludert noko i saka under synfaringa.

Vi må ha tilgang til bygget under synfaringa og du må derfor vere tilstades. Dersom tidspunktet ikkje passar ber vi dykk snarast ta kontakt med saksbehandlar slik at vi kan finne eit anna tidspunkt.

### **Regelverk for tilsyn og synfaring**

Kommunen har plikt til å forfølge ulovlege forhold, jf. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunens rett til å synfare bygg og eigedommer er hjemlet i plan- og bygningslov § 31-7.

**Har du spørsmål om synfaringa?**

Dersom noe er uklart, eller du har ytterligere spørsmål, kan du ta kontakt direkte med saksbehandlar på epost [per.sveinar.morsund@alver.kommune.no](mailto:per.sveinar.morsund@alver.kommune.no) eller telefon 56 37 54 66.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Westland Hotel AS

Kvalen 30

5955 LINDÅS